



## KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** 16. oktober 2015  
**Stad:** Meland kommunehus – møterom 1  
**Kl.:** 08.30 – 11.00  
**Tilstade:** Marie Morken (leiar), Asbjørn Larsen, Beate Eknes og Helge Nygård (vara for Jarle Vikebø)  
**Innkalla:** Rådmann Ingvild Hjelmtveit og ordfører Nils Marton Aadland  
**Revisjon:** Revisjonssjef Reidar Bjørsvik og Randi Rykkje  
**Sekretær:** Tonje Husum Aarland  
**Forfall:** Jarle Vikebø og Øystein Blom

---

### 18/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

### 19/15 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

**Samrøystes vedtak:**

Møteutskrift frå møte 10.04.15 vart godkjent.

### 20/15 Skriv og meldingar

- Kommunen sin oppfølging av henvending frå Lilleskare: To skriv om avslutta sakshandsaming, datert 30.03.15 og 04.05.15
- Tilsyn med barnevernstenesta i Meland kommune 2015 – Fylkesmannen
- Budsjettbrev frå Fylkesmannen
- Budsjettrevisjon – Formannskapet
- Brev frå NKRF og FKT om val av kontrollutval 2015

**Samrøystes vedtak:**

Skriv og meldingar vart tekne til orientering.

Brev frå Meland kommune vedrørande Gbnr. 45/125 er oppfølging av kontrollutvalet sitt vedtak i sak 31/14. Kontrollutvalet ser dermed denne saka som avslutta frå kontrollutvalet si side.

### 21/15 Orientering om kommunen sin tilstand

Rådmannen orienterte om kommunen sin tilstand og peika blant anna på:

- Stagneringa av folkevekst som kan påverke økonomien frå 2017.

- Sysselsetting: Meland kommune har hatt den største arbeidsløysa i Nordhordland over tid.
- Økonomi
- Personell og kompetanse: Kommunen kjem til å ta nokon grep for å sikre seg kompetanse, særleg innanfor helsesektoren.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

**22/15 Dokument offentlegheit / lukking av møte**

Ordførar og rådmann greia ut om bruk av heimel ved dokumenter unntatt frå offentlegheit og lukking av kommunestyremøte, jf. kommunestyremøte 09.09.15, sak 72/2015.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering og ber om at det vert tatt ein ytterlegare sjekk med jurist på dette fagfeltet om bruk av heimelen.

**23/15 Selskapskontroll MAKS AS**

Sakstilfang: Eigarskapskontroll MAKS AS 2015

Revisjonen presenterte selskapskontrollen i møte.

Problemstillingane som vart lagt til grunn var:

- *I kva grad har Meland kommune etablert eit system for å ivareta sine eigarinteresser i MAKS AS?*
- *Korleis er økonomien i MAKS AS sett frå eit eigarperspektiv?*
- *Vert kommunen sine eigarinteresser utøvd i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnadar, og i tråd med krav i lovverket?*

Revisjonen har gjort funn at det i liten grad er etablert eit system for å ivareta sine eigarinteresser i MAKS AS. Det vert blant anna peikt på at kommunikasjonen mellom ordføraren og formannskapet ikkje er formalisert og det manglar rutinar som sikrar at styremedlemmar og relevante folkevalde har tilstrekkeleg kompetanse om eigarskapsforvaltninga. Det har vore ein positivt økonomisk utvikling i selskapet dei siste åra, og revisjonen meiner at selskapet har ein tilfredsstillande økonomisk drift utifrå selskapet sit føremål og marknaden selskapet driv i.

Revisjonen tilrår Meland kommune:

- *å setja kommunalt eigarskap på dagsorden, og leggja til rette for god eigarstyring i selskap kommunen eig eller er deleigar i.*

Kontrollutvalet stilte spørsmål til revisjonen, rådmann og ordførar.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

**Forslag til vedtak i kommunestyret:**

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar. Kommunestyret ber om at rådmannen kjem med tilbakemelding til kommunestyret på første møte i kommunestyret i 2016 om korleis tilrådingane i rapporten skal følgjast opp.

**24/15 Oppsummering av arbeidet til kontrollutvalet i perioden 2011 – 2015**

Sakstilfang: Utkast av oppsummeringa

Kontrollutvalet behandla utkast til oppsummering av perioden.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet godkjente oppsummeringa slik den ligg føre.

**25/15 Gjennomgang av møtebøker frå politiske utval**

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet hadde ingen merknad.

**26/15 Eventuelt**

- Kontrollutvalet har fått inn tips angående barnevernstenesta i Meland kommune.

**Samrøystes vedtak:**


Kontrollutvalet vil rå til at kontrollutvalet i ny periode vurderer å foreslå ein forvaltningsrevisjon av desse områda:

- Barnevernstenesta i Meland kommune.
- Vedtaksutforming – saksutgreiing – stettar dei formkrava i lov og regelverk? Har kommunen godt nok grunnlag når vedtak vert fatta? Korleis er kvalitets sikringa?
- Barnehagar – grunnlag for tilskotsbehov

Dette var siste møte til kontrollutvalet i denne perioden. Kontrollutvalet ønsker å takke for samarbeidet og ønske det nye kontrollutvalet lykke til.

Frekhaug, 16. oktober 2015

  
Marie Morken/leiar

  
Tonje Husum Aarland/sekretær